



Storfeprosjektet i Luster vil med dette ynskja  
deg velkommen til



## Bygdamøte i Luster og Gaupne

Som ein del av storfeprosjektet startar me no opp med møter bygdavis.  
Målet med bygdamøta er å samlast lokalt og dela framtidstankar og framtidssynskjer for bygdene dykkar. Det er ei stor føremon om fleire generasjonar frå kvart gardsbruk deltek på møtet. Her er alle aldrar velkomne!


**Tid og stad: Lustrabui 20. februar 2017 kl 19:30 til seinast 22:30**

Me er av den oppfatning at «uten mat og drikke, duger helten ikke», og heltar er me avhengige av på bygdene. Difor startar me møtet med ei god matøkt frå kl 19:30- 20:00. Deretter vert det diskusjon og deling av framtidstankar og framtidssynskjer. Møtet skal ha eit uformelt preg, og det er ynskjeleg at alle frammøtte er med å forma innhaldet i møtet. Det er fagrådgivar i TINE, Lise Elvagjeng som blir med på møtet.

Svein-Magne Gjessing er student ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, tidlegare landbrukshøgskulen. Han skriv denne vinteren masteroppgåve med tittelen: «Korleis kan bonden vera vegen til ei berekraftig bygdeutvikling?» Svein-Magne har spurt om å få delta som observatør på bygdemøta. Han har teieplikt i kraft av forskinga han driv. Om du ikkje ynskjer at Svein-Magne skal delta på bygdemøtet, så ber me om at du skriv det når du melder deg på. Då blir møtet utan observatør.

Påmelding til Lise Elvagjeng, enten på epost eller sms:

[lise.elvagjeng@tine.no](mailto:lise.elvagjeng@tine.no) eller 95 77 92 92 innan 16. februar 2017. Skriv kor mange som kjem frå ditt bruk, og namnet på møteplassen der du skal delta.



Vonar å sjå deg på møtet! Veit du om andre som ynskjer å delta på møtet, som ikkje har fått innkalling, så meld dei på!

Med venleg helsing styringsgruppa i  
Storfeprosjektet i Luster!